



Senterpartiet

Vestland

Me byggjer Vestland vidare, og går for fire nye år med Jon som fylkesordførar

La Senterpartiet fortsetja styringa av Vestland fylke

Den viktigaste staden i livet vårt er der me bur, anten det er i by eller distrikt. Under Senterpartiet si leiing har den nye fylkeskommunen blitt ein medspelar for vekst og kraft i kommunane og lokalsamfunna.

Senterpartiet vil bruka ressursane i fylkeskommunen til å utvikla kommunane, lokalt arbeidsliv og lokalt kultur/idretts- og frivillige organisasjonar. Vestland fylke fungerer, men jobben er langt frå ferdig.

Me har sett retning dei fire første åra, og me treng stemma di til å sikra at Senterpartiet kan halda fram med den store satsinga i å gjera fylkeskommunen til ein utviklingsaktør innan områda den har ansvar for. Får me fornya tillit skal me fortsetta å levera varene. Ein sterk fylkeskommune sikrar lokalsamfunna, og gjer kommunen din og lokalsamfunnet ditt i stand til å lukkast.

Me lovar meir av det same, for godt gjort betre enn godt sagt!

God infrastruktur utviklar heile Vestland

- Forsetje kampen for trygge og tenelege kvardagsvegar gjennom eit praktisk vegvedlikehald med punktutbetring, fjerning av flaskehalsar, og nytt dekke.
- Vera den tydelegaste stemma for meir pengar til ras og trafikksikring.
- Alle husstander og bedrifter skal ha mobildekning og tilgang til moderne høghastigheitsbreiband.
- Flest moglege skal reisa kollektivt gjennom fleire avgangar, reduserte prisar og fleksible bestillartilbod.
- Halde fram arbeidet for gratis og billegare ferje, fleire avgangar, og vere ein pådrivar for null og lågutsleppsteknologi i hurtigbåt og ferjeambod.

Utviklingskraft i heile Vestland

- Arbeida for å sikra nok og rett arbeidskraft gjennom å hindra fråfall i vidaregåande skule, satse meir tilpassa opplæring, og utdanna arbeidskraft arbeidslivet treng.
- Nye grøne arbeidsplasser skal sikrast nok kraft. Ny fornybar kraftproduksjon skal vera eit fortrinn for arbeidsplasser og verdiskaping i vest, framfor rein eksport til Europa.
- Bidra til attraktive lokalsamfunn med utviklingskraft slik at ungdommen vert verande i distriktet, eller vel å bu i Bergen framfor Oslo.
- Ein aktiv næringspolitikk som sikrar eksisterande arbeidsplasser og stimulerar til nyskaping. Fylkeskommunen skal vera ein utviklingsaktør, ikkje ein «overkommune».
- Ein frivilligpolitikk som stimulerar og samspelar med kultur og idretten, og som bidreg attraktivitet og bulyst i heile Vestland.

Ein framtidsretta skule i heile Vestland

- Auka satsing på yrkesfag med meir opplæring ute i bedrift
- Fleire fleksible opplæringsmodellar og eit kompetent og allsidig lag rundt elevar og lærlingar
- Ein desentralisert skulestruktur med fleire digitale fagtilbod av høg kvalitet
- Moderne og fleksible skulebygg som trygge og inkluderande møteplassar for elevar, tilsette og nærmiljøet
- Eigen skulemiljøpott til alle vidaregåande skular, der midlane skal nyttast på skulehelse og miljøfremjande tiltak ut frå lokale behov.

Kandidatane våre

1. Jon Askeland

Fødd 1964, frå Alver

2. Aleksander Øren Heen

Fødd 1989, frå Sogndal

3. Sigrid Brattabro Handegard

Fødd 1963, frå Ullensvang

4. Sigurd Reksnes

Fødd 1977, frå Stad

5. Tonje Såkvitne

Fødd 1993, frå Voss

6. Alexander Fosse Andersen

Fødd 1983, frå Bergen

7. Marianne Nordhus

Fødd 1982, frå Kvinnherad

8. Oddmund Klakegg

Fødd 1969, frå Sunnfjord

9. Gunn Åmdal Mongstad

Fødd 1963, frå Solund

10. Steffen Fjellestad

Fødd 1999, frå Gloppen

